



MØTEBOK 01/26

KLAGEUTVALET

Møtedato: 09.06.2026**Møtetid:**

Kl. 14:00 - 14:50

Møtestad: Sula rådhus, 4. etg**Saksnr.:**

001/26 – 004/26

Følgjande medlem møtte

Jim Arve Røssevoll

Karoline Antonie Slinning

Bendik Valseth Havnegjerde

Turid Kristin Sand Humlen

Åse Petrin Vegsund

Parti

AP

AP

FRP

H

KRF

Forfall meldt frå følgjande medl.

Martin Nicolai Skår

Nils Erik Bjørkavåg

Parti

FRP

H

Følgjande varamedlem møtte

Kjell Petter Dyb

Vibeke Bjørkavåg

Parti

FRP

H

Møteleiar:	Turid Kristin Sand Humlen
Frå administrasjonen:	Kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen, kommunalsjef Gunhild Fjeldvig Tørlen (helse og meistring), HR-leiar Torry Larsen, einingsleiar Terje Havnegjerde (fungerande einingsleiar kommunalteknikk / seniorrådgivar), rådgivar fellesstab Anne Lise Engkrog Salen og politisk koordinator Frode Elias Synnes.
Innkalling:	Innkalling med sakliste er sendt ut på førehand. Saksdokumenta til møtet har vore tilgjengelege for politikarane på møteportalen (https://sula.acosky.no/moteportal) og for publikum på Sula kommune si heimeside. Innkallinga vart godkjent.
Sakliste:	Ok.
Utlevert i møtet:	-
Diverse:	-

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
001/26	Godkjenning av møtebok nr. 01/25	
002/26	Klagesak - Teltpartner AS - klage på vedtak om utvida skjenketid under fotball-VM	
003/26	Gnr 74 bnr 370 - Klage på vedtak - Byggesaksgebyr - Oppføring av to naust	
004/26	Eventuelt - spørsmål - orienteringar	

001/26: Godkjenning av møtebok nr. 01/25

Møteboka blir godkjent.

Behandling i Klageutvalet 09.06.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

KLAG - 001/26 Vedtak:

Møteboka blir godkjent.

002/26: Klagesak - Teltpartner AS - klage på vedtak om utvida skjenketid under fotball-VM

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula Klagenemnd opprettheld vedtak i delegert sak vedr. utvida skjenketid under fotball-VM i tidsrommet 11.juni - 19.juli 2026.

Grunngjeving: Det er ikkje kome fram nye opplysningar i saka.

Klagesaka blir oversendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal jf Forvaltningsloven § 27, 3. og 4.ledd og Alkoholloven §1-6. Statsforvaltaren kan prøve om vedtaket er fatta av rett forvaltningsorgan, om vedtaket har blitt til på lovleg måte, og om innhaldet i vedtaket er lovleg.

Behandling i Klageutvalet 09.06.2026

Turid Humlen (H):

Skjenking 11. juni til 19. juli til kl 02.00 med opningstid (konsumtid) til kl 02.30. Dette føreset at dette gjeld berre dei dagane det blir vist fotball, ikkje anna aktivitet.

Klageutvalet vedtok å gjennomføre eit gruppemøte.

Kjell Petter Dyb (FrP):

Skjenking under VM til kl 03.00 med unntak av at dei får skjenke til kl 04.00 under kampen Noreg - Senegal som startar kl 02.00.

Ved avstemming sette ein forslaget frå Frp opp mot forslaget frå Turid Humlen (H). FrP sitt forslag fekk 2 stemmer (Frp) og falt.

Deretter sette ein forslag frå Humlen opp mot kommunedirektør si innstilling. Kommunedirektør si innstilling fekk 4 stemmer (AP, KrF og Vibeke Bjørkavåg (H)) mot 3 stemmer for forslag frå Humlen.

KLAG - 002/26 Vedtak:

Sula Klagenemnd opprettheld vedtak i delegert sak vedr. utvida skjenketid under fotball-VM i tidsrommet 11.juni - 19.juli 2026.

Grunngjeving: Det er ikkje kome fram nye opplysningar i saka.

Klagesaka blir oversendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal jf Forvaltningsloven § 27, 3. og 4.ledd og Alkoholloven §1-6. Statsforvaltaren kan prøve om vedtaket er fatta av rett forvaltningsorgan, om vedtaket har blitt til på lovleg måte, og om innhaldet i vedtaket er lovleg.

003/26: Gnr 74 bnr 370 - Klage på vedtak - Byggesaksgebyr - Oppføring av to naust

Kommunedirektøren si innstilling:

Klageutvalet tek ikkje til følgje klage på byggesaksgebyr i sak gjeldande gnr. 74 bnr. 370. Klagesaka vert sendt til klageinstansen, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova (fvl.) § 33 fjerde ledd og plan- og bygningslova (pbl.) § 1-9 siste ledd.

Grunngjeving: Kommunen legg til grunn at gebyret er fastsett i samsvar med gjeldande gebyrregulativ og innanfor rammene av sjølvkostprinsippet. Det er ikkje dokumentert feil i gebyrberekninga.

Behandling i Klageutvalet 09.06.2026

Kommunedirektør si innstilling vart samrøystes vedtatt.

KLAG - 003/26 Vedtak:

Klageutvalet tek ikkje til følgje klage på byggesaksgebyr i sak gjeldande gnr. 74 bnr. 370. Klagesaka vert sendt til klageinstansen, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova (fvl.) § 33 fjerde ledd og plan- og bygningslova (pbl.) § 1-9 siste ledd.

Grunngjeving: Kommunen legg til grunn at gebyret er fastsett i samsvar med gjeldande gebyrregulativ og innanfor rammene av sjølvkostprinsippet. Det er ikkje dokumentert feil i gebyrberekninga.

004/26: Eventuelt - spørsmål - orienteringar

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

Behandling i Klageutvalet 09.06.2026

Det var ingen spørsmål eller orienteringar.

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

KLAG - 004/26 Vedtak:

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.